



Arbeids- og sosialdepartementet

Vår ref.
14/1186-3/K2-F06//ELE

Dykkar ref.

Dato:
03.07.2014

HØYRING - EIT ENKLARE TILTAKSSYSTEM TILPASSA BRUKARANE SINE BEHOV

Arbeids- og sosialdepartementet har sendt ut på høyring framlegg til endring i forskrift som vil gje opning for å innføre anbod på viktige tiltak knytt til personar med nedsett arbeidsevne.

Eid kommune finn det svært uheldig at avklaring og arbeid med bistand vert trekt ut frå ei heilskapleg vurdering av eit samla tiltaksapparat. Framlegget kan få store konsekvensar for:

- Brukargrupper
- Samarbeidsrelasjonar mellom NAV og tiltaksarrangør
- Muligheit til å gjennomføre tiltaksforenkling

Endringane kan føre til at brukaren vert kasteball i eit system som ikkje samarbeider tett nok. Overgangar mellom ulike type tiltak kan verte vanskelegare og behovet for samarbeid mellom ulike aktørar vil auke. Det er ikkje dokumentert at anbod på denne type tiltak vil gje ei forenkling av systemet.

Eid kommune er positive til endringar som gjev betre tenester for brukarane, men ønskjer å peike på følgjande moment:

- Anbudsutlysing er godt eigna for standardiserte tenester. Attføringstenester må tilpassast brukarane sine behov, og kan vanskeleg standardiserast.
- Det er svært vanskeleg å beskrive, og måle kvalitet i attføringstenester. Det reell fare for at pris vert avgjerande kriterium ved tildeling av oppdrag, og svake grupper vert skadelidande
- Anbod fordrar avstand mellom innkjøpar og tilbydar. Personar med nedsett arbeidsevne og individuelle behov treng eit tett samarbeid mellom NAV og tiltaksleverandør. Det er naudsynt med ein grundig gjennomgang av korleis samarbeidet mellom nav og tiltaksarrangør skal fungere i eit anbodsregime .

Postadr.:
Rådhusvegen 11
6770 Nordfjordeid
Kontoradresse:
Rådhusvegen 11
org.nr: 938521816

Telefon:
57 88 58 00


Telefaks:
57 88 58 01

Bankgiro:
3790.07.00130
5398.05.01120

E post:
post@eid.kommune.no
Heimeside:
<http://www.eid.kommune.no>

Eid kommune er kritisk til å leggje opp til slike store endringar gjennom ei enkel forskriftsendring. Framlegget bør i staden trekkast inn i den annonserte Stortingsmeldinga om tiltak for å få fleire i jobb.

Med helsing



Alfred Bjørlo
Ordførar

